

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2019-0269	<b>Søknadsår</b>	2019	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019			
<b>Prosjektnavn</b>	Rekrutterings prosjekt - Aksello			

### Kort beskrivelse

Næringslivet har gjett innspel til Aksello om at det er svært vanskeleg å rekruttere rett arbeidskraft til ledige stillingar. Med dette prosjektet ynskjer Aksello å bidra til rekruttering og tilflytting av rett arbeidskraft for god samfunns og næringsutvikling på kysten av Sogn og Fjordane

### Prosjektbeskrivelse

#### 1.1 Bakgrunn

Fleire frå næringslivet lokalt, mellom anna Flora Industri- og næringsforening, har vore i kontakt med Aksello grunna utfordringar til å rekruttere rett arbeidskraft til ledige stillingar i Florø og nærområdet. Utfordringa heng saman med at arbeidstakarar ikkje ynskjer å flytte til kommunen vår. Dette kan vere fleire grunnar til, men dei innspela Aksello har fått frå næringslivet er at ein ikkje når ut med marknadsføring om kva området eigentleg kan tilby, at det ikkje er jobb tilgjengeleg til partner/ektefelle og at det er vanskeleg å halde på tilflyttarar som ein endeleg har fått til å rekruttert.

Samstundes informerer næringslivet om gode erfaringar i dei tilfella kandidatane først har besøkt Florø, då er sjansen større for at dei takkar ja til stillinga.

I tillegg har Aksello fått tilbakemeldingar frå inkubatorbedrifter som er kome så langt at dei er i gong med sitt rekrutteringsarbeid, og i fleire av desse tilfella har dei eit behov for å vekse fort, at dei får store utfordringar med å rekruttere rett arbeidskraft. Aksello ser då det som ei særskilt viktig oppgåve å finne gode løysingar som både kan sikre god marknadsføring av området vårt, ivareta dei som har flytta hit og ikkje minst ha eit opplegg som skal ivareta dei som skal ynskjer å flytte hit.

#### 1.2 Mål for prosjektet

Prosjektet skal resultere i at vi aukar tal som flyttar til vår region med minst 150 tilflyttarar dei neste 3 åra

Prosjektet skal vare i eitt år, men levere effektar (produkt) som skal nyttast i rekrutteringsarbeidet i minst 3 år etter prosjekts slutt.

##### 1.2.1 Konkrete mål for prosjektet

Prosjektet skal utføre kartleggingsarbeid som er naudsynt for prosjektets kvalitet.

Prosjektet skal levere ein marknadsføringsfilm som næringslivet i Florø og regionen kan nytte i nasjonal og internasjonal marknadsføring. Og prosjektet skal levere ein «startpakke» som vil ivareta og bidra til at dei som flyttar til regionen blir verande.

### 1.3 Rammer

Prosjektet har ei kostnadsramme på kr 900.000,- Aksello vil stå for prosjektgjennomføring og prosjektet vil ha ei varigheit på 1 år

## 2 Omfang

### 2.1 Oppgåveomfang

Prosjektet skal:

- Kartlegge behova til tilflyttarar
- Kartlegge behova til arbeidsgjevarar
- Planlegge og produsere marknadsføringsfilm
- Planlegge og utvikle «startpakke»

### 3.1 Prosjektleiing

Oppdragsgjevar er Næringslivet (Flora Industri- og Næringsforening FIN)

Prosjektansvarleg er Aksello AS

Prosjektleiar er Lone Bareksten, Aksello AS

## Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Søker / Prosjekteier</b>	Aksello AS Org.nr:987075155	Magnus Thingnesgate 1 PO.Box 93 6900 FLORØ	47262635
<b>Kontakt- person</b>	Lone Bareksten	Magnus Thingnesgate 1 6900 FLORØ	47262635
<b>Prosjekt- leder</b>	Lone Bareksten	Magnus Thingnesgate 1 6900 FLORØ	47262635

**Mottatt offentlig støtte tidligere:** Ja

Aksello får kvart år støtte frå Siva til inkubatorverksemda, Flora kommune for førstelinjetenesta og i 2019 også frå Vågsøy kommune for førstelinjeteneste. (Siva og Flora kommune eig også ca. 11% kvar i Aksello).

Ingen av desse midla går konkret til rekruttering. Frå fylkeskommunen får vi finansiering til ulike prosjekt, som havbruksprosjektet og det nystarta vekstprogrammet for etablert næringsliv, samt inkubatordrift.

Konkret til dette formålet har vi søkt og fått innvilga kr 200.000,- frå Flora Kommune sitt kommunale næringsfond.

## **Spesifikasjon**

### **Bakgrunn**

#### 1.1 Bakgrunn

Fleire frå næringslivet lokalt, mellom anna Flora Industri- og næringsforening, har vore i kontakt med Aksello grunna utfordringar til å rekruttere rett arbeidskraft til ledige stillingar i Florø og nærområdet. Utfordringa heng saman med at arbeidstakarar ikkje ynskjer å flytte til kommunen vår. Dette kan vere fleire grunnar til, men dei innspela Aksello har fått frå næringslivet er at ein ikkje når ut med marknadsføring om kva området eigentleg kan tilby, at det ikkje er jobb tilgjengeleg til partner/ektefelle og at det er vanskeleg å halde på tilflyttarar som ein endeleg har fått til å rekruttert.

Samstundes informerer næringslivet om gode erfaringar i dei tilfella kandidatane først har besøkt Florø, då er sjansen større for at dei takkar ja til stillinga.

I tillegg har Aksello fått tilbakemeldingar frå inkubatorbedrifter som er kome så langt at dei er i gong med sitt rekrutteringsarbeid, og i fleire av desse tilfella har dei eit behov for å vekse fort, at dei får store utfordringar med å rekruttere rett arbeidskraft. Aksello ser då det som ei særskilt viktig oppgåve å finne gode løysingar som både kan sikre god marknadsføring av området vårt, ivareta dei som har flytta hit og ikkje minst ha eit opplegg som skal ivareta dei som skal ynskjer å flytte hit.

### **Prosjekt mål**

#### 1.2 Mål for prosjektet

Prosjektet skal resultere i at vi aukar tal som flyttar til vår region med minst 150 tilflyttarar dei neste 3 åra

Prosjektet skal vare i eitt år, men levere effektar (produkt) som skal nyttast i rekrutteringsarbeidet i minst 3 år etter prosjekts slutt.

##### 1.2.1 Konkrete mål for prosjektet

Prosjektet skal levere ein marknadsføringsfilm som næringslivet i Florø og regionen kan nytte i nasjonal og internasjonal marknadsføring.

Og prosjektet skal levere ein «startpakke» som vil ivareta og bidra til at dei som flyttar til regionen blir verande.

Prosjektet skal utføre kartleggingsarbeid som er naudsynt for prosjektets kvalitet.

Kartleggingsarbeidet skal mellom anna bidra til føringar for korleis koordineringa av produkta (filmen og startpakka) skal ivaretakast etter endt prosjekt.

I den vidare koordineringa av arbeidet vil ein sikre at tilflyttarar vert registrert og informert. Dette vil bidra til å måle faktisk måloppnåing av prosjektmål 1.2.

### **Forankring**

Rekruttering er ei stor utfordring, ikkje berre lokalt, men også nasjonalt.

Aksello hadde besøk av Næringsminister Torbjørn Røe Isaksen 7. mai i år der fleire verksemder frå det lokale næringslivet møtte fram for å gje innspel til Næringsministeren og Regjeringa sitt arbeid med utvikling av næringspolitikk for SMB'er. På dette møtet vart det retta stor merksemd på rekrutteringsbehov og rekrutteringutfordringar lokalt. Næringsministeren informerte om at dette var ei nasjonal problemstilling som han kjente att frå sine næringspolitiske besøk i heile landet. Samstundes kunne næringsministeren vere einig i at distrikta hadde større utfordringar enn dei store byane, og måtte sette inn ekstra virkemidlar for å nå måla om tilflyttrar. Dette prosjektet er eit slikt virkemiddel som er sett fingeren på i samråd med lokalt næringsliv.

Aksello hadde og besøk av Adm.dir i Sparebanken Sogn og Fjordane, Trond Teigene, på eit sine frukostmøte der Teigene sette rekruttering i søkelyset som den store utfordringa for Sogn og Fjordane i framtida.

Ved fleire høve har næringslivet kontakta Aksello med førespurnad om hjelp til rekrutterings og integreringsarbeid. Bedriftene og leiarane sjølve i lokale verksemder brukar særst mykje av si fritid på å integrere tilflyttrar for at dei skal trivast og finne seg tilrette på sin nye heimstad. Dette slit på kapasiteten og er blitt ei stor utfordring for fleire av dei bedriftene som har klart å rekrutere fleire. Her manglar eit godt tilbod og ei koordinering for å ivareta dei som endeleg har teke avgjersla om å flytte til Florø og nærområdet. Her kan ein nemne Fokus Elektro AS og Haptiq AS som to gode eksemplar.

Aksello har gjennom mange år hatt eit godt samarbeid med Framtidsfylket, og Framtidsfylket er med å bekreftar den utfordringa ein står ovanfor i høve rekruttering av rett arbeidskraft til regionen vår.

## **Prosjektorganisering**

### 3 Prosjektorganisering

#### 3.1 Prosjektleiing

Oppdragsgjevar er Næringslivet (Flora Industri- og Næringsforening FIN)

Prosjektansvarleg er Aksello AS

Prosjektleiar er Lone Bereksten, Aksello AS

Sjå vedlagt prosjektplan for vidare plan for organisering. Her ligg forslag om styret i FIN som Styringsgruppe og forslag til eiga prosjektgruppe. Endeleg organisering i prosjektgruppe vert sett ned når finansiering er på plass i prosjektet.

## **Samarbeidspartnere**

Framtidsfylket, NAV, Næringsliv, Flora Industri- og næringsforening, tilflyttrar, utflyttrar, Flora Kommune, Sparebankstiftinga, Botneset Industriselskap, Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Høgskulen på Vestlandet, m.fl.

Vi søker finansiering frå fleire av desse samarbeidspartane.

## **Aktiviteter**

### 6 Gjennomføring

Kartlegge, klargjere og produsere.

- Kartlagt behova til arbeidsgjevarar
- Kartlagt behova til tilflyttarar
- Marknadsføringsfilm produsert
- «Startpakke» inklusiv plan for gjennomføring produsert

Vurdere, evaluere og sluttrapportere.

## 6.1 Hovudaktivitet

### 6.1.1 HA 1: Kartlegge behov til bedriftene

#### 6.1.1.1 Hensikt

Hensikta er å sikre at ein siktar seg inn mot dei rette tilflyttarane, og for å vere sikker på at ein treff dei rette kandidatane med marknadsføringa.

#### 6.1.1.2 Viktige oppgåver

- Lage oversikt over bedrifter som har rekrutteringsbehov, no og i framtida
- Lage intervjumal
- Gjennomføre intervju
- Lage oppsett som presenterer resultat

#### 6.1.1.3 Resultat

Ein grundig gjennomført kartlegging som legg gode føringar for kva personar/arbeidskraft/kompetanse/kunnskap bedriftene i Flora har behov for.

Få svar på langsiktige satsingar som:

- Kva verktøy treng bedriftene for å sikre rett rekruttering til rett tid?
- Har dei laga rekrutteringsstrategi for sitt selskap?
- Kva arbeidskraft er det utfordrande å få tak i?

Denne kartlegginga legg grunnlag for marknadsføringsarbeidet (filmen).

### 6.1.2 HA 2: Kartlegge behova til eksisterande og potensielle tilflyttarar

#### 6.1.2.1 Hensikt

Hensikta er å sikre at ein veit kva som tiltrekk tilflyttarar slik at ein treff best mogleg både med marknadsføringsarbeidet, men og når det gjeld den langsiktige tilrettelegginga for at tilflyttarar skal trivast og bli verande i Florø.

#### 6.1.2.2 Viktige oppgåver

- Nytte prosjektgruppa evt. sette saman eit panel beståande av: tilflyttarar som bur i Florø, dei som vurderer å flytte til Florø og dei som har valt å flytte frå Florø eller regionen.
- Kartlegge målgrupper
- Lage intervjumal
- Gjennomføre intervju
- Lage oppsett som presenterar resultatata
- Klargjere resultat som kan nyttegjerast i høve arbeidet med manus til marknadsføringsfilmen

#### 6.1.2.3 Resultat

Ein vil då sitte att med eit resultat som seier mykje om kva er det som kan gje dei potensielle tilflyttarane auka livskvalitet. Vi veit meir om kva det er det dei drøymmer om og dette legg grunnlag for å kunne lage eit manus til ein marknadsføringsfilm som er basert på desse resultatata.

#### 6.1.3 HA 3: Produsere marknadsføringsfilm

##### 6.1.3.1 Hensikt

Treffe og tiltrekke dei rette kandidatane til dei rette ledige stillingane og synleggjere dei fantastiske moglegheitene Florø har å by på utifrå kva potensielle tilflyttarar drøymmer om!

##### 6.1.3.2 Oppgåver

- Lage manus for film
- Sende ut førespurnad på pris og innhald til fleire film-produksjonsselskap
- Sikre film produksjon i høve manus

##### 6.1.3.3 Resultat

Ein film som verksemder i Florø kan nytte nasjonalt og internasjonalt for å treffe eit målretta publikum for rekruttering av rett arbeidskraft.

Eit marknadsmateriell som vil bidra til å vise fram moglegheitene i Florø utifrå eit tilflyttarars perspektiv.

#### 6.1.4 HA 4: Utvikle «startpakke»

##### 6.1.4.1 Hensikt

Sikre at tilflyttarar blir ynskja velkommen til staden der dei har teke valet om å busette seg. Dei skal ha ei kjensle av at kommune, næringsliv, foreiningar, kollegaer, naboar, fritidsaktivitetar og samfunnet generelt gjer det dei kan for at nettopp dei kjenner seg velkomne til sin nye heim plass. Dei skal kjenne seg inkluderte og startpakken skal så langt det let seg gjere sikre at det ikkje er grunn for at tilflyttaren skal flytte derifrå att.

#### 6.1.4.2 Oppgåver

- Kartlegge eksisterande tilbod/ressursar/aktivitetar
- Kartlegge kva som har vore gjort andre stadar der dei har lukkast med rekruttering og at tilflyttarar vert buande
- Kartlegge moglegheiter rundt «Jobb til to!» Korleis sikre at partner også får seg jobb
- Samle all informasjon, tilbod, tilgang til gode ressursar og nettverk i ein «pakke»
- Sjå på og vurdere om ein kan vidareutvikle noko av det som allereie er gjort i satsinga til Pixelwerk/Framtidsfylket? Eller om det skal det byggast eigen/ny digital samling av alle aktivitetar/tilbod Kven skal i tilfelle vedlikehalde ei slik oppbygging? Kan ein nytte Framtidsfylket (andre?) i større grad? (regionsinndeling?)
- Finne rett koplingsaktør/ressurs/koordinator som skal ivareta til tilflyttarar og startpakke etter prosjektslutt.
- Utvikle langsiktig plan for kva som må til og korleis skal sikre gjennomføring, oppdatering og sikring av dette arbeidet for framtida.

#### 6.1.4.3 Resultat

Ei «startpakke» som inneheld all informasjon som tilflyttarar har behov for for å finne seg til rette i Florø. Nettverk for fritidsaktivitetar, barnevakt, arbeid til partner, sosialt nettverk, bustad, og alt anna som skal til for at ein trivast der ein bur og arbeider.

### 6.1.5 HA 5: Vurdere, evaluere og lage sluttrapport

#### 6.1.5.1 Hensikt

Denne rapporten skal legge klare føringar for korleis rekrutteringsarbeidet bør leggest til rette i tida som kjem. Både på kort og lang sikt. Den vil og gje nokre svar i høve effekt på kort sikt i prosjektet.

#### 6.1.5.2 Oppgåver

- Samle all informasjon og resultat frå prosjektet
- Vurdere og evaluere resultat på kort sikt
- Vurdere og evaluere resultat på lang sikt
- Vurdere og evaluere sjølve prosjektgjennomføringa

### 6.1.5.3 Resultat

Ein måte å drive rekrutteringsarbeid på som gjev resultat. Eit vurderingsgrunnlag som legg til rette for om ein skal gjere same prosessar andre stadar – eksempelvis Måløy, HAFS, Sunnfjord. Totaloversikt over resultat i prosjektet.

Sjå vedlagt prosjektplan for tids- og resursplan.

#### **Målgrupper**

Fylke og Kommune: - tilflyttarar

Næringslivet: - rekruttering arbeidskraft

Forskning og utdanning: tilflyttarar, rekruttering

Tilflytterar - gode jobbmoglegheiter og eit godt liv

#### **Resultat**

- 1 Prosjekt godkjent
- 2 Finansiering på plass
- 3 Prosjektgruppe godkjent
- 4 Målgruppe potensielle tilflyttarar er definert
- 5 Bedriftene sitt behov er kartlagt
- 6 Potensielle tilflyttarar sitt behov er kartlagt
- 7 Eksisterande tilflyttarar sitt behov er kartlagt
- 8 Produsent for marknadsføringsfilm er valt
- 9 Manus for film er levert
- 10 Film ferdig produsert
- 11 Forslag til «startpakke» levert
- 12 Sluttrapport godkjent

#### **Effekter**

Prosjektet skal levere ein marknadsføringsfilm som næringslivet i Florø og regionen kan nytte i nasjonal og internasjonal marknadsføring.

Og prosjektet skal levere ein «startpakke» som vil ivareta og bidra til at dei som flyttar til regionen blir verande.

Desse to innsatsfaktorene skal resultere i minst 150 nye tilflytterar til Flora Kommune dei neste 3 åra.



**Tids- og kostnadsplan****Tidsplan****Kostnadsplan**

<b>Tittel</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>SUM</b>
Eigeninnsats næringslivet	125 000	125 000				250 000
Produsere film	100 000	100 000				200 000
Reise og andre utgifter	36 250	36 250				72 500
Timar eksternt kjøp	100 000	100 000				200 000
Timar internt Aksello	213 750	213 750				427 500
<b>Sum kostnad</b>	<b>575 000</b>	<b>575 000</b>				<b>1 150 000</b>

**Finansieringsplan**

<b>Tittel</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>SUM</b>
Eige arbeid	50 000	50 000				100 000
FIN	50 000	50 000				100 000
Flora Kommune KNF	100 000	100 000				200 000
Næringslivet	175 000	175 000				350 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	200 000	200 000				400 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>575 000</b>	<b>575 000</b>				<b>1 150 000</b>

**Geografi**

1401-Flora

**Vedleggsliste**

<b>Dokumentnavn</b>	<b>Filstørrelse</b>	<b>Dato</b>
190830 Prosjektplan rekruttering søknad SF_Fylkeskommune.pdf	381 786	30.08.2019